



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

30.04.2024

Vår ref:

2024/4100

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202403409

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om senking av høgste regulerte vasstand (HRV) i dam Vassetvatn i Lærdal kommune

Statsforvaltaren ber NVE vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere konsekvensar for laks og flaumsikkerheit. Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden om å senke HRV i dam Vassetvatn.

Vi viser til høyringa av søknaden om å senke HRV i Vassetvatnet i Lærdalsvassdraget.

Omtale av søknaden

For å tilfredsstille krav i damsikkerheitsforskrifta, skal dam Vassetvatn, som er inntaksmagasin til Borgund kraftverk, rehabiliterast eller erstattast med ein ny dam. Østfold Energi søker om å få senke høgste regulerte vasstand med seks meter, frå kote 1125 til kote 1119. Reguleringa aldri har blitt utnytta fullt ut, fordi det har vore teknisk vanskeleg å nytte den øvste reguleringshøgda. Vasstanden har aldri vore høgare enn kote 1121,37, og historisk har reguleringsevna i liten grad blitt utnytta utover kote 1118. Ein reduksjon av HRV vil derfor ikkje innebære store endringar i praksis. Lågare HRV vil krevje ein lågare dam. Dette vil igjen føre til eit mindre miljøavtrykk, ved mindre uttak og transport av massar og eit mindre omfattande anleggsarbeid, og lågare kostnader.

Vurdering

Sjølv om HRV blir senka med seks meter, skal Borgund kraftverk driftast med same overvasstand som i dag, og vasstanden i magasinet vil i praksis ikkje bli vesentleg endra. Naturmiljø og friluftsliv er påverka av eksisterande regulering. Så langt vi kjenner til, vil eventuelle endringar i manøvreringa ikkje råke viktige naturmiljø eller friluftsliv.

Dagens reguleringssone som blir liggande over ny HRV, vil naturlegvis bli synleg i lang tid framover. Denne øvre sona er i stor grad tørrlagt òg med dagens reglement, sidan reguleringshøgda sjeldan har vore utnytta i praksis. Ein ny og lågare dam vil kunne tilpassast terrenget og bli eit mindre landskapsinngrep enn den eksisterande dammen.

Som kjent er Lærdalselvi eit nasjonalt laksevassdrag, og det skal ikkje gjerast tiltak som kan skade laksen. Ifølgje konsekvensrapporten er det ikkje venta nemneverdige negative konsekvensar for laks og sjøauere i Lærdalselvi. Det er komplisert for oss å sette oss inn i manøvreringa av magasin/kraftverk som kan påverke vassføringa i Lærdalselvi, og som er omtalt i rapporten. NVE må

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å vurdere eventuelle konsekvensar for laksen, slik at laksen blir ivaretatt i tråd med dei nasjonale føringane for nasjonale laksevassdrag.

I konsekvensrapporten er det vurdert konsekvensar for flaum og naturfare, og det er omtalt korleis tilsiget kan bli påverka for elvar og magasin. Det er ikkje venta nemneverdige konsekvensar for Lærdalselvi. Vi legg til grunn at flaumsikkerheita blir nærare vurdert og ivareteke i saka.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Lærdal kommune

Postboks 7900
Øyraplassen 7

5020
6887

BERGEN
LÆRDAL